


VARSEL OM IGANGSETTING AV DETALJREGULERING

Rysstad Sentrum - Bjugsbakk

Valle kommune og Trollvegg Arkitektstudio AS varslar oppstart av detaljreguleringsplan for Rysstad sentrum – Bjugsbakk, planID 202302, i Valle kommune, i medhald av plan- og bygningsloven (PBL) § 12-3 og § 12-8. Forslagsstillar er Valle kommune.

Avgrensing av planområdet

Forslag til plangrense er vist på vedlagt kartutsnitt og omfattar heile eller deler av eigedomane gnr./ bnr. 68/64, 68/95, 68/122, 136-137, 68/134, 68/294, 68/296, 68/298, 68/451 og 600/39. Under planarbeidet kan området bli meir avgrensa.



Målet med planarbeidet

Formålet med reguleringa er å legge til rette for etablering av stavkyrkje på Bjugsbakk, samt vidareutvikling av eksisterande verksemder i området. Meir info om målet for planarbeidet kan finnast på kommunen sine heimesider – kunnngjeringar.

Overordna planstatus, tidlegare vedtak i saka og oppstartsmøte

I kommuneplanen er området avsett til detaljeringszone «reguleringsplan skal framleis gjelde» og omsynszone «bevaring kulturmiljø». I gjeldande reguleringsplanar er områda avsett til offentleg bebyggelse, tenesteyting, bustad/ forretning, kombinert formål, veg, gang-/ sykkelveg og jord- og skogbruk.

Formannskapsutvalet vedtok 15.03.2023 i sak PS 18/23 at Valle kommune skulle bidra til prosjektet med stavkyrkja ved å detaljregulere området.

Trollvegg Arkitektstudio AS er plankonsulentar for Valle kommune i saka. Oppstartsmøte vart halde 12.03.2021.

Konsekvensutgreiing

Planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

Innspel, samråd og medverking

Informasjon om målet med planarbeidet, referat frå oppstartsmøte og oppstartsvarsel er tilgjengeleg på Valle kommunes heimeside og på trollvegg.no.

Spørsmål og eventuelle skriftlege kommentarar, merknader, opplysningar og anna som kan ha betydning eller interesse for planarbeidet kan sendes innan **2. november 2023** til:

E-post: Plan@trollvegg.no

Trollvegg Arkitektstudio AS v/ Simon Stulien
Østre Strandgate 31,
4610 Kristiansand S

Med vennleg helsing

Simon Stulien
By- og arealplanleggar
Trollvegg Arkitektstudio AS
Tlf: 91929272

Vedlegg

Kart som viser planområdets utstrekning
Informasjon om planarbeidet
Referat frå oppstartsmøtet